

Eidsvik & Selstad Eigedom AS	Børnes 66 AS
Br. Musland Maskin AS	Tveiten Maskin AS
X Eigedom AS	Jarle Apeland
Elite Snickerservice AS	KK Eiendom og Utleige AS
Børnes Eiendom AS	Søre Skogeigarlag
Børnes 35 AS	SS Holding AS

Kvinnherad kommune
Rosendalsvegen 10
5470 Rosendal

Dato: 29.12.2023

**MERKNAD TIL REGULERINGSPLANFORSLAG PÅ HØYRING – BØRNES NÆRINGSOMRÅDE
134/34 MED FLEIRE – PLANID 20190006.**

Ovannemde firma/privatperson er tomteigarar på Børnes næringsområde og vil koma med følgjande uttale til planforslaget:

I Saksframlegg til PTM utvalet 24.10.23. (Saksmappe 2022/2916-45) står det moa.:

Endringar i planen etter planvedtaket frå oktober 22:

Ut frå korleis Statsforvaltaren sitt vedtak er grunngjeve, har det vore naudsynt å gjere mindre endringar i føresegna. Dette gjeld forholdet til støy, og føresegn rundt anleggsdrift og knusing av stein til lokal bruk. Planvedtaket var tufta på at det er tilstrekkeleg å vise til dei til ein kvar tid gjeldande rettsreglane, som forureiningsforskriftas kapittel 30 og rettleiar for handsaming av støy i arealplanlegginga, T-1442. Dei to punkta går til kjernen i klagene som har fått medhald. Det er nå teke inn føresegn som nytter forskrifta, men som tar klare val på viktige punkt.

Kva er desse «klare» vala på viktige punkt?

Forslag til føresegner med (*kursiv skrift*) seier følgjande:

.....
2.4 Støy

Dei til ein kvar tid gjeldande retningslina for behandling av støy i arealplanlegginga, T-1442, gjeld for planområdet.

Dette gjeld òg støy frå verksemd i hamn, som skip/fartøy/andre flytande konstruksjonar ved kai eller i hamneområde. Særleg støybelastande aktivitetar skal ikkje gå føre seg på nattetid eller søndag/heilagdag.

2.4.2.

Samla støybelastning frå verksemd, anleggsarbeid og verksemd i hamn innafor planområdet skal ikkje overskride tabell under. Grenseverdiane gjeld resulterande støy på uteplass og utanfor rom med støyfølsam bruk i tilgrensande bustad og fritidsbustadområde. For bustader og fritidsbustader som ligg i gul og raud støysone mot veg, og der støykjelda i industriområdet ligg i same retning som vegen, vert det forutsett at rom med støyfølsam bruk og uteopphaldsareal ligg til stille side der det er mogeleg. Om noko av støyen liknar regelmessig banking eller smell (Det T-1442 definerer som impulslydar), skal grenseverdiane settast 5db lågare. Denne strengare grenseverdien leggst til grunn når impulslyd opptre med i gjennomsnitt meir enn 10 hendingar pr. time (jfr. forureiningsforskrifta §30-7)

Tabell i høyringsforslaget

Støykjelde:	Man-fredag Dagtid: 0700- 1900	Man-fredag Kveld: 1900- 2300	Laurdag 0700- 2300	Søndag/heilagdag 0700- 2300	Natt 0700- 1900
Industri	55 L _{den}	50 L _{evening}	50 L _{den}	45 L _{den}	45 L _{night} , 60 L _{AFmax}
Verksemd i hamn (skip etc.)	55 L _{den}				45 L _{night} , 60 L _{AFmax}
Bygge- og anleggsverksemd	60 L _{pAeq12h 07-19} (middelverdi målt over 12 timer frå 0700-1900)	Ingen aktivitet	Ingen aktivitet	Ingen aktivitet	Ingen aktivitet

For bygge og anleggsverksemd kan støykravet fråvikast for mindre arbeider i periodar på inntil 2 veker. Periodar med boring eller spunting skal vare høgst 2 dagar. Særleg støyande verksemd skal gå føre seg mellom 0900 og 1600 frå måndag til fredag, og naboar skal varslast. Varsling skal skje med oppslag på byggeplass, og med direkte informasjon per brev, e-post eller SMS til naboane. Før igangsetting av langvarige anleggsarbeid skal det haldast møter der ein gjer informasjon om forventa framdrift, og når særleg støybelastande arbeid vil finne stad.

Her skriv ein i innleiinga: *Dei til ein kvar tid gjeldande retningslina for behandling av støy i arealplanlegging, T-1442, gjeld for planområdet, **og så set ein inn tabell som ikkje er ihht T-1442 ?***

Under ovannemde tabell skriv ein inn tekst om bygge og anleggsverksemd og legg inn «særleg støyande» verksemd skal gå føre seg mellom 0900 og 1600 frå mandag til fredag, og ei opplisting om korleis ein skal varsle naboar.

Så lenge ein er innanfor fastsette nasjonale støygrensar kan vi ikkje sjå at kommunen skal koma med eigne særregler for tidsrom 09:00 – 16:00 for «særleg støyande» arbeid, og for varsling av naboar.

Basert på ovannemde er det grunn til å stilla følgende spørsmål:

- Kven definerer «særleg støyande» arbeid?
- Kva meiner kommunen når ein skriv at *boring og spunting skal vare høgst 2 dager*?
- Når 2 dagers perioden er over – kor lenge skal ein vente på neste 2 dagers periode?
- Korleis skal tiltakshavarar og kommunen få gjennomført opparbeiding av framtidige næringsareal med ei slik begrensing?
- Kva med opparbeiding av SKV 2 på Børnes næringsområde som kommunen skal opparbeide når ein skal forhalda seg til ei slik begrensing?
- Kva er langvarig anleggsarbeid og kven definerer dette ?
- Fekk administrasjonen politiske føringar om å skjerpa inn føresegna til å verta mykje strengare enn gjeldande nasjonale reglar og normer?

I departementets reguleringsplanveileder heiter det:

«Plan- og bygningsloven § 12-7 sitt begrep «nødvendig utstrekning», betyr at hver bestemmelse må gjennomgås kritisk. Bestemmelser skal ikke etablere restriksjoner som er uten hjemmel. Behovet for bestemmelser skal være saklig begrunnet. Det skal ikke tas inn lovbestemte krav i bestemmelsene.

Henvising til andre lover er i utgangspunktet unødvendig, da disse gjelder uavhengig av reguleringen.»(...)

«Det kan ikke gis bestemmelser som er i strid med nasjonalt regelverk, som f.eks. forskrift om tekniske krav til byggverk (TEK).»

Ein reguleringsplan skal som hovedregel ikkje vera i strid med gjeldande nasjonal bakgrunnsrett – og det vil krevja ein særleg grunngjeving dersom reguleringsplan- føresegner skal avvike frå nasjonalt fastsatt rett.

.....

Tabell som skal nyttast i samband med reguleringsplanar finn ein på side 7 i *Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging (T-1442/2021)*:

Tabell 2: Anbefalte støygrenser ved planlegging av ny støyende virksomhet og bygging av boliger, helsebygg, fritidsboliger, skoler og barnehager. Alle grenseverdier gjelder innfallende lydtryknivå. Forutsetninger for beregning av grenseverdiene er gitt i veiledning til retningslinjen.

Støykilde	Støynivå utenfor vinduer i rom med støyfølsomt bruksformål og på stille del av uteoppholdsareal	Støynivå utenfor soverom, natt kl. 23 - 07	Støynivå utenfor vinduer i rom med støyfølsomt bruksformål og på stille del av uteoppholdsareal dag og kveld, kl. 07 - 23	Støynivå utenfor vinduer i rom med støyfølsomt bruksformål og på stille del av uteoppholdsareal lørdager	Støynivå utenfor vinduer i rom med støyfølsomt bruksformål og på stille del av uteoppholdsareal søn-/helligdag
Øvrig industri,	Uten impulslyd: $L_{den} \leq 55$ dB og $L_{evening} \leq 50$ dB Med impulslyd: $L_{den} 50$ dB og $L_{evening} \leq 45$ dB	$L_{night} \leq 45$ dB $L_{AFmax} \leq 60$ dB		Uten impulslyd: $L_{den} \leq 50$ dB Med impulslyd: $L_{den} \leq 45$ dB	Uten impulslyd: $L_{den} \leq 45$ dB Med impulslyd: $L_{den} \leq 40$ dB
Havner og terminaler	Uten impulslyd: $L_{den} \leq 55$ dB Med impulslyd: $L_{den} \leq 50$ dB	$L_{night} \leq 45$ dB, $L_{AFmax} \leq 60$ dB			

Som ein ser er det ikkje rett tabell som er lagt inn i forslaget til føresegner i reguleringsplan for Børnes.

Vi kan ikkje sjå at det er behandla eller vurdert kvifor ein har lagt til grunn andre grenseverdier for støy enn det som faktisk gjeld etter tabell 2 i T-1442/2021?

Om kommunen vil sei noko om støy i forbindelse med byggje og anleggsarbeid så er det ein eigen tabell for dette på side 21 i Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging (T-1442/2021).

Også her er det nasjonalt fastslegne grenseverdier og reglar. Kvifor er ikkje desse nytta? Reguleringsplanen bør i staden nytta dei tabellar for grenseverdier som er vedtekne som nasjonale normer:

6.1 Grenseverdier

Bygge- og anleggsvirksomhet bør ikke gi støy som overskrider støygrensene i tabell 4.

Tabell 4: Anbefalte støygrenser utendørs for bygge- og anleggsvirksomhet med varighet over 6 måneder. Alle grenseverdier gjelder innfallende lydtryknivå og gjelder utenfor rom med støyfølsomt bruksformål.

Bygningstype	Støykrav på dagtid ($L_{pAeq12h}$ 07-19)	Støykrav på kveld (L_{pAeq4h} 19-23) eller søn-/helligdag ($L_{pAeq16h}$ 07-23)	Støykrav på natt (L_{pAeq8h} 23-07)
Boliger, fritidsboliger, sykehus, pleieinstitusjoner	60	55	45
Skole, barnehage	55 i brukstid		

Dersom bygge- og anleggsvirksomheten har varighet kortere enn 6 måneder, kan det aksepteres opp mot 5 dB høyere støynivå på dagtid og kveld enn angitt i tabell 4.

2.5 Støv

Støv og forureining frå anleggsarbeid og knusing av stein (jfr. forureiningsforskrifta kapittel 30)

I reguleringsplanforslaget som no er lagt på høyring er det i punkt 2.5 teke inn føresegner som i røynda søker å endra gjeldande bestemmelsar i forureiningsforskriftens kap 30. For eksempel har forureiningsforskriften ein klar definisjon på kva som er definert som nabo i dette regelverkets forstand, nemlig; «*omkringliggende boliger, sykehus, pleieinstitusjoner, fritidsboliger, utdanningsinstitusjoner og barnehager*». Næringsverksemdar er ikkje del av nabo-definisjonen. I planforslaget er det likevel lagt til at også «*..bedrifter der eksponering for støv er kritisk for verksemda*» skal regnes som nabo ved praktiseringen av forureiningsforskriftens kap. 30. Her forsøker ein gjennom planbestemmelse å endra nasjonalt bindande lovgjeving på ein måte som ikkje har eit tilstrekkelig heimelsgrunnlag, og som ikkje er nødvendig. Føresegna inneheld dessutan skjønsmessige tema som vil vera umulig å etterleva i praksis. For kven skal bestemta kva bedrifter er dette - der støv er «*kritisk for verksemda*»?

Utan å gå inn på andre endringar som er gjort i Føresegnene i forhold til Forureiningsforskrifta kapittel 30 vil vi be om fylgjande:

Når kommunen i Føresegnene punkt 2.5 Støv – refererer til Forureiningsforskrifta kapittel 30, så forventar vi at ein ikkje gjer endringar i forhold til nemte forskrift.

Kvinnherad kommune har selt tomter på Børnes som industritomter, og vi legg til grunn at kommunestyret ved sluttbehandling av planutkastet legg til grunn støyretningslinjens tabell T-1442 og Forureiningsforskrifta kap. 30.

Vi har ikkje kjøpt tomter av Kvinnherad kommune, som i ettertid skal bli ramma av uklare og strenge kommunale støy og støvkrav.

Vi reknar det som sjølv sagt at nasjonalt vedtekne og allment aksepterte grenseverdiar også vert lagt inn i føresegnene for Børnes næringsområde. Det samme gjeld for bygge og anleggsvirksomhet.

Forslaget i føresegnene vil forringa bruksverdi på våre industritomter og kan ikkje akseptrast.

Skal Børnes næringsområde ha føresegner som avvik frå nasjonalt regelverk og som ingen andre industri/næringsområder i Kvinnherad har ?

Avslutningsvis vil vi gje uttrykk for følgjande:

Politikarane våre har eit ønske om folketalsauke og nye arbeidsplassar. I vedteken samfunnsdel av kommuneplanen for Kvinnherad kommune har ein lista opp mange hovudmål, moa:

Beredskap for flaks: Kommunen samarbeider aktivt med næringslivet og regionen om nye prosjekt og initiativ

Kvinnherad er avhengig av å vera attraktiv for næringslivet fordi det skapar arbeidsplassar, kompetanse og verdier for samfunnet

Kvinnherad kommune skal arbeide med å finne nye og vidareutvikle eksisterande næringsareal tilpassa ulike næringsføremål, og såleis leggje til rette for næringsutvikling

Det skal søkjast å finne areal for handtering av overskotsmassar, både mellombels og varig deponi, i heile kommunen

Vi må ha lov å forventa av Kvinnherad kommune at dei i reguleringsplan for Børnes næringsområde lagar planomtale og føresegner som er i tråd med med nasjonalt vedtekne grenseverdier, og føringar som er i tråd med kommuneplanen sin samfunnsdel vedteken i 2022.

På vegne av tomteeigarane ber vi om at følgende personar, Roar Musland, Christian Tveiten og Svein Arne Eidsvik frå referansegruppa, får møte med kommunedirektør, ordførar, varaordførar, leiar og nestleiar i PTM utvalet rett over nyttår.

Med helsing

Eidsvik & Selstad Eigedom AS
Svein Arne Eidsvik

Børnes 66 AS
Svein Arne Eidsvik

Br. Musland Maskin AS
Roar Musland

Tveiten Maskin AS
Christian Tveiten

X Eigedom AS
Erling Prestbø

Jarle Apeland

Elite Snickerservice AS
Kjell Inge Rørvik

KK Eiendom og Utleige AS
Ronny Kroka

Børnes 35 AS
Ronny Kroka

Søre Skogeigarlag
Kristine Frøystein Reime

Børnes Eiendom AS
Willy Taranger

SS Holding AS
Sindre Stensletten

Dokumentet er godkjent av ovannemde firma/person og har derfor ingen signatur